



Frank Husting Byggefirma  
Eidavegen 192  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2175 - 15/20261

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
09.06.2015

## Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 239/129

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.05.15.

Søknad gjeld dispensasjon frå grad av utnytting i gjeldande reguleringsplan samt søknad om eittrinnslyvve for oppføring av einebustad med garasje og carport på eigedom gbnr. 239/129.

Einebustaden med garasje og carpoert er prosjektert på eit plan. Tiltaket er opplyst å ha eit samla bygd areal (BYA) på 199,35 m<sup>2</sup>, som gjev %-BYA for eigedomen på 31,94%. Tiltaket er opplyst å ha samla bruksareal (BRA) inkl. garasje på om lag 185 m<sup>2</sup>.

### Planstatus

Eigedommen omfatta av gjeldande reguleringsplan for; Eknes Ytre. Gnr 239 del av bnr. 2 m.fl. (planid.: 1263-15041999).

Det er i førsegen til plan i § 3.3 sett maks tomteutnytting til 20 %-BYA.

Maks gesimshøgde er i § 3.4 sett til 6 m (på nedsida av huset).

### Plassering

Plankart for eigedomen syner ei regulert byggegrense langs heile eigedomen si grense mot regulert offentleg veg, mot sør er byggegrensa gjeve til 5 m, mot vest varierer omfanget av byggegrense frå om lag 3,3 meter til om lag 4,8 m på det breiaste. Sjå vedlegg.

Innsendt situasjonsplan syner at det mot vest er 4 meter frå tiltaket til eigedomsgrense, på situasjonsplanen er ikkje regulert byggegrense innteikna. Situasjonsplan syner heller ikkje fylling med fyllingsfot. Vi ber dykk om å teikne inn omsøkt bustad og fylling med fyllingsfot på situasjonskart som syner regulert byggegrense. Dersom omsøkte tiltak er plassert utanfor regulert byggegrense mot veg so må de søke om dispensasjon.



Innsendt terrengsnitt syner at det på eigedomen er planlagt å planere ut med ei fylling mot sør som gjev ei terrengheving på om lag 2,5 meter på det meste.

Fyllingsfot er ikkje synt på innsendt situasjonsplan, vi gjer merksam på at plassering av fylling og fyllingsfot utanfor regulert byggegrense og krev dispensasjon frå regulert byggegrense. Terrenghevinga på eigedomen kan ikkje plasserast slik at den tek sikt frå felles veg til eigedom gbnr. 239/130, 239/131 og 239/132.

Søknad har vore på høyring til Teknisk drift, sjå vedlegg datert 23.06.15.

**Teknisk drift sett følgjande krav til skråning mot regulert kommunal veg:**

- Arbeider med grøntanlegg utføres etter NS 3420-K2 og Statens vegvesens håndbok 165.
- Minste avstand mellom vegkant og fyllingsfot skal være minimum 1,0m.
- Grøfteareal mellom vegkant og fyllingsfot skal sikre drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg og leidningsnett).
- Steinfylling anleggast med ei skråning maks 1:2, jordkles og tilsåast. Ved jordkledning og tilsåing av skråningar og siktareal nyttast sandjord eller næringsfattig avgravingsmassar i 5-10 cm tjukkeleik. Det nyttast ikkje kompostprodukter. Tilsåing med 15-20kg grasfrø/daa, blanding for vegskråningar el.
- Ved etablering av skråning må det takast omsyn til avkjørsle på gbnr 239/130.
- Det må sendast inn lengdesnitt (M 1:50) som viser vegbane med leidningsnett, veggroft (minimum 1,0m) og fyllingsområdet. Det skal angis på situasjonskart (M 1:500) kor lengdesnittet gjennom fylling er tatt. Teknisk drift skal godkjenne dette før det vert gitt løyve til etablering av fylling mot veg.

Avkjørsle til eigedom gbnr. 239/129 må justerast jf. uttale frå teknisk drift datert 23.06.15

#### Mottaks kontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avkjørsle må justerast/flyttast jf. uttale frå teknisk drift datert 23.06.15.
2. Situasjonsplan må oppdaterast med justert plassering av avkjørsle til eigedomen samt siktliner, innteikning av fylling og fyllingsfot samt innteikning av regulert byggegrense og siktliner i høve felles vegtilkomst til gbnr. 239/130,131 og 132 med omsyn til fylling og fyllingsfot.
3. Det må sendast inn lengdesnitt (M 1:50) som viser vegbane med leidningsnett, veggroft (minimum 1,0m) og fyllingsområdet. Det skal angis på situasjonskart (M 1:500) kor lengdesnittet gjennom fylling er tatt. Teknisk drift skal godkjenne dette før det vert gitt løyve til etablering av fylling mot veg.
4. Det må søkjast om dispensasjon frå regulert byggegrense mot veg for plassering av bustad og fylling med fyllingsfot utanfor regulert byggegrense.
5. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.
6. Dersom tiltak vert plassert nærare enn 4 m frå offentleg leidningsnett i grunn so må det søkjast om dispensasjon frå avstandskrav jf. veglova § 29 og §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», vegnormal N100 og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» som gjev heimel for at Teknisk drift, VVA, skal setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg ( kommunal veg og leidningsnett).

Lista er ikkje uttømmende, vi vil tilrå at søknaden vert gjennomgått på nytt før innsending av etterspurd dokumentasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.08.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Uttale søknad om avkjørsle - gbnr 239129 - Eknes Ytre

#### Kopi til:

Jørn Vegard Hustig	Kaldalen 22	5993	OSTEREIDET
--------------------	-------------	------	------------

#### Mottakarar:

Frank Husting Byggefirma	Eidavegen 192	5993	OSTEREIDET
--------------------------	---------------	------	------------